

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slik protokollmerknad:

«Frp sin fylkestingsgruppe vil i sak om Bybane mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen be om at det ikke må bli konflikt mellom bybaneprosjektet og dets trasévalg og prosjektet «Tog Åsane - Flesland» utarbeidet og utredet av NSB Trafikk og plan.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slik protokollmerknad:

«Det er to ulike alternativ for bybane tunnelinnslag, samt to ulike alternativ for sykkelrute, i Fløen/Møllendal. Sjølv om ein her tar stilling til eitt alternativ vil ein i det vidare reguleringsarbeidet og planleggingsarbeidet vere open for å endre dette i tråd med lokale innspel og det som kjem fram av undersøkingar. Det er viktig at ein legg opp til ei sykkelrute som er god og tilfredsstiller krav til sykkelhovudrute. Dette uavhengig av finansieringsløysing.»

### Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå utval for kultur, idrett og regional utvikling til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samråystes vedteken.

### Vedtak

1. Forslag til reguleringsplan for Bybane - sentrum - Fyllingsdalen oppfyller i hovudsak fylkeskommunen sine innspel til planprogrammet. Dialogen mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune i planprosessen har vore omfattande og konstruktiv.
2. Generelle merknader

#### Klima og miljø

Det må ligge langsigte klima- og miljømål til grunn for utbygginga av bybanenettet i Bergen. Bybanen er eit viktig tiltak for å fremje klima- og miljømåla for Bergen og Hordaland. Bergen tek mål av seg til 10 prosents nedgang i personbiltrafikken til 2020 og 20 % nedgang til 2030. For byvekstatalane ligg nullvekstmål i personbiltrafikken til grunn. Derfor må veksten i trafikkarbeidet i hovudsak kome med kollektiv, sykkel og gange. Sidan første bybanestrekninga opna i 2010, har påstigninga til kollektive trafikkmiddel auka med om lag 45 %. Det må derfor ligge eit kostnadsbilete i botn som tek høgde for den høge klima- og samfunnsgevinsten tiltaket gjev.

#### Kostnader

Sjølv om Bybane til Fyllingsdalen er ei prioritert oppgåve vil fylkeskommunen leggja vesentleg vekt på kostnadssida både ved utbygging og drift ved val mellom ulike alternativ. Nokre kostnadskrevjande alternativ vil måtte krevje større grad av medfinansiering som enno ikkje er avklart.

#### Byutvikling

Bybanen er det viktigaste verkemiddelet for å restrukturere bymønsteret i Bergen og for å fremje miljøvenleg arealbruk. Bybanen byggjer ny by, og dette må gjerast med kvalitet for gåande og syklande i sentera og langs traséane. Tilrettelegging for nye bustads- og næringsområde og gode transportårer og møteplassar for gåande og syklande bør vere ein sjølvsagt og integrert del av planlegginga og bygginga av bybanen.

Banen vil i stor grad kunne bidra til positiv byutvikling i viktige senterområde og transformasjonsområder som Møllendal, Mindemyren, Fyllingsdalen og Spelhaugen. Byggetrinn 4 for Bybanen legg også til rette for å skape kompakte og oversiktlege byter

mellom transportmidlane.

### **Kulturminne**

Omsyn og prosess knytt til kulturminne har verknad for val av løysingar, og på område der det er konflikt vil formelle krav til prosess kunne ha konsekvensar for framdrift. Fylkesutvalet ber om at Bergen kommune gir prioritet for naudsynt dokumentasjon og samhandling med Fylkeskonservatoren.

### **Sykkel**

Det er ei prioritert målsetting å få opp sykkelandelen i Bergen som berre er på 3 %. Det er viktig at det både ved bygging av nye vegar og ny bybanetråsé vert bygd parallelle og integrerte sykkelvegar. Sykkeltunnelen gjennom Løvstakken til Fyllingsdalen er eit framtidsretta pilotprosjekt som binder saman to bydelar og som er eit type tiltak som vil få opp sykkelandelen, ikkje minst for reiser mellom arbeid og bustad.

### **Kollektivtransportnettet**

Sjølv med satsinga på bybane vil kollektivreiser med buss ha stort omfang og supplera bybanen. Det er knytt usikkerheit til verknaden av ulike tiltak for framkome med buss. Det bør opnast for fortløpende vurdering av nye tiltak for å styrke busstransporten. I særleg grad gjeld dette tverrgåande linjer gjennom Bergensdalen og ved terminalen i Fyllingsdalen.

Kommunedelplan for kollektivtransportsystem mot vest må prioriterast.

## **3. Merknader til delstrekningar**

### **Delstrekning 1 Nonnesenter – Kronstad**

Framkomst for buss rundt Bystasjonen må konkretiserast og beskrivast betre saman med at tryggleik for gåande og syklande sikrast.

Banen må sikrast føresetnader for 70 km/t hastigkeit langs Store Lungegårdsvann.

Fylkesutvalet ser med uro på summen av dei store inngrepa der det historiske vegfaret Årstadgeilen opnar seg mot det som tidligare var hamneområdet til kongsgarden. Slik alternativ 2 ligg føre no, kan det ikkje tilrådast. For ikkje å svekke leselegheta til Bergen si forhistorie bør sumverknaden av samferdslekonstruksjonane reduserast.

For tunnellinnslag for Bybanen anbefaler fylkesutvalet alternativ 1, som vil ligge nærmast Møllendal sentrum, som vert vurdert til å vere meir skånsamt for kulturmiljø og kulturlandskap, ha ei betre linjeføring og vil vere betre med tanke på flom enn nord-alternativet.

Sykkelloysing med flytting av uttrekksspor for jernbanen er berre aktuell dersom full statleg finansiering.

Fylkesutvalet tilrår at løysinga ved Haukeland sjukehus lyt vere tenleg for heile helseklynga, også for Haraldsplass sjukehus.

### **Delstrekning 2 Mindemyren**

Det er positivt at omsyn til syklande er godt ivaretatt. Reguleringa må også sikre rom for tverrgåande buss-samband.

Planforslaget legg til rette for at Bybanen skal byggast med fullt tversnitt i Kanalveien. Fylkesutvalet kan akseptere mellombels løysingar dersom dette gjer det mogleg å oppretthalde dei mange arbeidsplassane i anleggsfasen og den første driftsfasen.

### **Delstrekning 3 Mindemyren - Fyllingsdalen**

I Fyllingsdalen er det viktig at terminal og bybanehaldeplass opplevast som eit samla kollektivknutepunkt, og vert ein integrert del av senterområdet som er under planlegging. Framkome for buss til og frå terminalen må gjevast prioritet.

Av omsyn til tryggleik må likerettarar for straumforsyning plasserast utanfor tunell, med mogeleg tilkomst for bil.

### **Protokollmerknad frå Frp**

Frp sin fylkestingsgruppe vil i sak om Bybane mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen be om at det ikke må bli konflikt mellom bybaneprosjektet og dets trasévalg og prosjektet «Tog Åsane - Flesland» utarbeidet og utredet av NSB Trafikk og plan.

### **Protokollmerknad frå SV**

Det er to ulike alternativ for bybane tunnelinnslag, samt to ulike alternativ for sykkelrute, i Fløen/Møllendal. Sjølv om ein her tar stilling til eitt alternativ vil ein i det vidare reguleringsarbeidet og planleggingsarbeidet vere open for å endre dette i tråd med lokale innspel og det som kjem fram av undersøkingar. Det er viktig at ein legg opp til ei sykkelrute som er god og tilfredsstiller krav til sykkelhovudrute. Dette uavhengig av finansieringsløysing.